

Kreativ merksemد om morsdagen på sundag.

07.02.2020



Kvinnefiguren ved inngangen til Gro`s Blomster minner oss på morsdagen på sundag.

Gro`s Blomster har gjort det før, men det er alltid like verknadsfullt når den artige kvinnefiguren kjem på plass i stolen sin ute og vi vert minna om morsdagen på sundag. Målet er å skapa merksemد om morsdagen og at laurdagen er den store handledagen

Gro lagar figuren sjølv. Det er ei istappa kvinne i full storleik med maske. På mange måtar minner det oss om Harald Nilsen sin nisse som i førjulstida sat i gyngestolen sin ved inngangen på SPAR. Alle hugsar nissen på Sanden og borna har berre gode minne frå den gyngande figuren.

Gro Hjelmeland fortel at til morsdagen går det for meste på avskorne blomar sett opp som bukettar. Dekorasjonar er også ei god salsvare til morsdagen. Det same er såkalla tilleggsprodukt som hjartesjokolade.



God reklame og profilering av blomebutikken i Uskedalen.

Gro`s Blomster får inn blomar gjennom kjeden Interflora fleire gonger i veka. Det meste er import. Kvaliteten er god. Gro rår til tidleg handel i morgen, laurdag. Då har ho best utval.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal